

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Sluttrapport Ordning og tilgjengeliggjering av verftsarkiv, 27.02.2016

1. BAKGRUNN

Størsteparten av arkiva til bedrifta A.M. Liaaen var ordna, registrert og tilgjengeleggjort på Arkivportalen før dette prosjektet starta. I 2015 søkte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal om utviklingsmidlar for arkiv til ordning og tilgjengeleggjering av verftsarkivet til Aalesunds mekaniske Værksted. Arkivverket gav støtte til prosjektet (dykkar ref 15/15458).

Det vart søkt om midlar til ordning og registrering av arkivet etter Ålesund Mekaniske verksted og digitalisering av konstruksjonsteikningar for samtlege 148 fartøy som er bygd ved Ålesund Mekaniske verksted og A.M. Liaaen.

2. PROSJETMØTER

Følgjande møter har blitt avholdt i samband med prosjektet:

- Prosjektmøte 31.08.2016 – statusmøte i forhold til rapport
- Statusmøte 11.08.2016 – statusmøte
- Statusmøte 28.04.2016
- Oppstartsmøte med synfaring hos arkiveigar 13.01.2016
- Planleggingsmøte internt 11.01.2016
- 2 arbeidsmøter i samband med søknad

3. ORDNING OG REGISTRERING AV ARKIVET

Etter tidligare arbeid med ordning av arkivet etter A.M. Liaaen blei arkivet etter Aalesunds mekaniske Værksted utskilt som en eigen aktør i arkivet. Grunnen for at arkivet til Aalesund mekaniske Værksted fans i arkivet til A.M. Liaaen var fordi Aalesunds mekaniske Værksted blei kjøpt opp av A.M. Liaaen i 1927.

13 januar 2016 møtte Dan André Fiskum Velle, Ottar André Breivik Anderson og Åsta Vadset frå IKAMR Nils Johan Liaaen i lokala til A M Liaaen AS. Etter møtet med Nils Johan Liaaen fikk representantane frå IKAMR med seg 15 flyttekasser som inneholdt arkiv frå Aalesunds mekaniske Værksted. Ordningsarbeidet begynte torsdagen 14. januar.

Totalt bestod arkivet av 5,74 hyllemeter etter ordning. Arkivet bestod i hovudsak av protokollar i ulike størrelsar. Det blei disponert to fag i IKAMR sine lokale i Kirkegata 10B. For ordningsarbeidet blei det kjøpt inn reingjeringsutstyr sidan arkivet var støvete. Ordningsarbeidet blei foretatt i hovedsak på ordningsrommet til IKAMR.

Arkivet etter Aalesunds mekaniske Værksted har høg vanskelegheitsgrad når det kommer til identifisering av arkivstykker og krevde til tider spesialkunnskap for identifisering. Som en del av ordningsarbeidet har det gått med tid til å studere av historia til Aalesunds mekaniske Verksted. Det er lite som er skrevet om denne delen av Ålesund si historie. Ordningsarbeidet har vore utfordrande sidan store deler av protokollmaterialet ikkje har tittelblad. Mykje tid har gått til identifisering.

Den største utfordringa som dukka opp i arbeidet med ordninga av arkivet var arkivet sin fysiske tilstand. Etter nærmare hundre år lagring på ei produksjonsbedrift kunne ein sjå at arkivet hadde akkumulert mykje støv, smuss og noko skade som følge av skadedyr.

Delar av arkivet har på et tidspunkt før ordninga starta vore utsatt for vannskade. Totalt var 105 arkivstykker ansett som å være mulig utsatt for muggsopp. Arkivstykkene vart identifisert og registrert. Etter dette vart arkivstykkene pakka inn, merka og lagt i kasser før de blei lagt tilbake i magasinet.

4. DIGITALISERING AV KONSTRUKSJONSTEIKNINGAR

Framfinninga av teikningane skulle eigentleg bli gjort av tilsette ved A.M. Liaaen. IKAMR leigde inn Gudmund Walderhaug for å finne fram teikningane som skulle digitaliserast. Dette vart gjort i samarbeid med Nils Liaaen. Det viste seg å vere ein del lakuner i teikningsarkivet.

Det er digitalisert generalarrangement på 23 av 27 fartøy bygd ved Ålesund mekaniske verksted, 4 teikningar lakune og 4 identiske. Ved A.M Liaaen er 70 fartøy digitalisert, av desse 10 identiske og 5 kopiar av original teikningane.

Fleire av dei eldste teikningane var skjøre og det var utfordrande å digitalisere desse. I digitaliseringa har vi nytta fotografisk teknikk og ved hjelp av montering av originalar på magnettafle samt originalar liggjande flatt så har materialet fått ei skånsam behandling. For å eliminere refleksar på materialet vart det nytta kryss-polarisering, polariseringsfilter både på kameralinse og på blitz-lys.




Foto av magnettafle som syner ein av monteringsmetodane nytta i digitaliseringa. Bygg nr 10 «Arhur» og bygg nr 13 «Isafold» bygd ved Ålesund mekaniske verksted.




Foto av bygg nr 2 «Ægir» bygg ved Ålesund mekaniske verksted var sterkt skada og måtte derfor digitaliserast liggande flatt på plate. Foto av kamera- og blitz-lys oppsett under.



5. PUBLISERING

Teikningane er publisert i IKA Møre og Romsdal si publiseringsløsning www.db.ikamr.no

Teikningane finn ein her:

<http://www.db.ikamr.no/Maritim-Naering/Aalesund-Mekaniske-Verksted2?page=2>

Det er oppretta lenke frå arkivportalen til publiseringsløysninga:

http://arkivportalen.no/side/arkiv/detaljer?arkivId=no-IKAM_arkiv_000000167028

6. PROSJEKTRKNSKAP

Prosjektet har eige objekt i IKAMR sitt rekneskap (objekt 2006).

Digitalisering og filhandsaming:

Lønnskostnad	45 000
Framfinning av materiale til digitalisering:	18 000

Reingjering, ordning og registrering:

Lønnskostnad:	57 000
---------------	--------

Opplasting av filer til www.db.ikamr.no

Lønnskostnad	10 000
--------------	--------

Eigeninnsats (møter med eigar av arkivet og internt):

Lønnskostnad:	22 500
---------------	--------

Materiell (arkivboksar)	3000
-------------------------	------

Sum kostnadar	155 500
----------------------	----------------

Kostnadar	155 500
------------------	----------------

- Tilskot frå Arkivverket	120 000
---------------------------	---------

- Eigeninnsats	35 500
----------------	--------

Sum	0
------------	----------

Teikningar til digitalisering:

BYGGNR	FARTØYNAMN	TEIKN.NR	ARKIVREF.	MERKNAD
Fartøy bygd ved Ålesund mekaniske verksted				
1	Leif Erikson	495	Tba-L0010	
2	Ægir			Lakune
3	Sleipner			Lakune
4	Terje Vigen	510	Tba-L0011	
5	Ran	521	Tba-L0011	
6	Uræd			Lakune
7	Vaksdal	527	Tba-L0011	
8	Søkelven	534	Tba-L0011	
9	Valder			Lakune
10	Arthur	545	Tba-L0011	
11	Bjarne	545	Tba-L0011	Identisk med byggnr. 10
12	Karsten	553		Manglar – kanskje utlån?
13	Isafold	563	Tba-L0012	
14	Aspø	570	Tba-L0012	
15	Arne	578	Tba-L0012	
16	Erkna	578	Tba-L0012	Identisk med byggnr. 15
17	Eljan	587	Tba-L0012	
18	Merkur	594	Tba-L0012	
19	Hai	596	Tba-L0012	
20	Pus	608	Tba-L0013	
21	Torgeir	613	Tba-L0013	
22	Torbjørn	613	Tba-L0013	Identisk med byggnr. 21
23	Hubro	623	Tba-L0013	
24	Rona	634	Tba-L0013	
25	Sigurd I	637	Tba-L0013	
26	Kirkholmen	684	Tba-L0014	
27	Rosholmen	684	Tba-L0014	Identisk med byggnr. 26
Fartøy bygd ved A. M. Liaaen				
79	Juvel	5511	Tb-L0030	Foto
80	Jøkul	6057	Tb-L0040	Foto
81	Aalesund			Teikning manglar. Sannsynlegvis identisk med byggnr. 82
82	Anders Liaaen	64/28	Tbc-L0002	Foto
83	Smaragd	64/28	Tbc-L0002	Identisk med byggnr. 82
84	Flømann	A50137	Tbd-L0001	
85	Ole Solbjørg	A50321	Tbd-L0005	Foto
86	Polaris	A50144	Tbd-L0001	Foto
87	Brannsprøyta	A50145	Tbd-L0001	Foto
88	Bryteren	A50598	Tbd-L0013	Foto
89	Longva	A50451	Tbd-L0009	
90	Glannøy			Lakune
91	Marius	A50674	Tbd-L0016	
92	Havskjer	A50696	Tbd-L0016	
93	Tofte	A50675	Tbd-L0016	
94	Melshorn	A50921	Tbi-L0001-6	
95	Juvel	A56659	Tbi-L0001-6	Foto
96	Kviteggen	A51098	Tbi-L0001-11	Manglar – kanskje utlån?

BYGGNR	FARTØYNAMN	TEIKN.NR	ARKIVREF.	MERKNAD
97	Jan Mayen	A51212	Tbi-L0001-11	Foto
98	Thor III	A51545	Tbd-L0025	
99	Harmoni	A51549	Tbi-L0001-11	
100	Longva	A52044	Tbi-L0001-13	Foto
101	Veslekari	A51937	Tbd-L0029	Foto
102	Volstad senior	D54913	Tbi-L0001-15	Foto
103	Rønstad	A52271	Tbi-L0001-16	Foto
104	Skanderborg	A52420	Tbi-L0001-16	Foto
105	Ørsta	A52721	Tbi-L0001-14	
106	Marzook	A52796	Tbi-L0001-18	Manglar – utlån?
107	Aure	A52489	Tbi-L0001-14	
108	Sætremyr	A52982	Tbd-L0039	Foto
109	Longva II	A53102	Tbd-L0041	Foto
110	Kvitebjørn	A53550 A53551	Tbi-L0001-20	Foto. Separate teikningar for deks- og profilarrangement
111	Goma	A53679	Tbd-L0046	
112	Smøla	A53710	Tbi-L0001-21	
113	Emerald	A53895	Tbd-L0048	Foto
114	Peder Huse	A54198	Tbd-L0051	Foto
115	Sjudarberg	A54313	Tbi-L0001-24	Foto
116	Havstrand	A54366	Tbi-L0001-25	Foto
117	Seafridge Osprey	A54721	Tbi-L0001-24	Foto
118	Seafridge Skua	A54721	Tbi-L0001-24	Identisk med byggnr. 117
119	Seafridge Petrel	A54721	Tbi-L0001-24	Identisk med byggnr. 117
120	Skalaberg	A055984	Tbi-L0001-31	Foto
121	Sundaberg	A54751	Tbi-L0001-34	Foto
122	Longva III	A55005	Tbi-L0001-39	Foto
123	Labrador	A55139	Tbi-L0001-42	Foto
124	Volstad viking	A55615	Tbi-L0001-45	Foto
125	Stril Power	A56510	Tbd-L0068	
126	Stril Pilot	A56269	Tbd-L0065	
127	Solnør	A56456		Manglar – utlån?
128	Ilosangi	A56996	Tbi-L0001-55	
129	Irimawa	A56996	Tbi-L0001-55	Identisk med byggnr. 128
130	John Longva	A056722	Tbi-L0001-60	
131	Sunnfjord	A056926	Tbi-L0001-62	Foto
132	Seimstrand	A57221	Tbi-L0001-64	Foto
133	Haabull	A056885	Tbi-L0001-66	Foto
134	525/Burma	A57230	Tbi-L0001-68	
135	527/Burma	A57230	Tbi-L0001-68	Identisk med byggnr. 134
136	Geco Echo	A57665	Tbi-L0002-102	Foto
137	Solskjel	A57833	Tbi-L0002-96	Foto
138	Geco Longva	A58210	Tbi-L0002-106	
139	King Supplier	A58316	Tbi-L0002-108	
140	Atlantic Rolgo	A52504	Tbi-L0002-110	Foto
141	Active Duke	59031	Tbi-L0002-127	Foto. Dekksarrangement, profilarrangement manglar

BYGGNR	FARTØYNAMN	TEIKN.NR	ARKIVREF.	MERKNAD
142	Active Girl	59204		Manglar. Skuffene med resp. teikningsnr. er ikkje i arkivet. Liaaen Engineering?
143	Remøytrål	59271		
144	Edda Fram	50588		
145	Ikkje bygd			
146	Granit	59838	Tbd-L0092	Foto
147	Bjørnøy	550522	Tbi-L0002-136	Foto
148	Romsdal	550575		Foto. Manglar – utlån?



Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling